



BREMANGER KOMMUNE

PLO/BARNEVERN/HELSE

Helse-og omsorgsdepartementet
Postboks 8011
Dep.
0030 OSLO

Vår ref.
14/148-3/K2-G21, K3-&13//RY

Dykkar ref.
Bremanger kommune

Dato:
18.02.2014

Høyringsuttale frå Bremanger kommune

Bremanger kommune sender med dette over høyringsuttale til «Reservasjonsordning for fastleger»:

Følgjande vedtak vart fatta i kommunestyret i Bremanger 13.02.2014:

1. Bremanger kommune meiner at det ikkje skal vere mogleg for legar å reservere seg mot å sende vidare kvinner som ynskjer abort. Den uformelle reservasjonsretten som har vore praktisert ser Bremanger kommune på som særst uheldig, og krev at det finst eit lovverk bestemt sentralt som gjeld for alle legar i landet, og som hindrar legar i å reservere seg mot delar av legeyrket. Bremanger kommune krev difor at lovforslaget blir trekt.
2. Bremanger kommune ynskjer ikkje at fastlegar i Bremanger skal ha høve til å reservere seg i samband med abort.

Med helsing


Randi Ulvick
kommunalsjef

Vedlegg 1: Kopi frå møteboka



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Kommunestyret	13.02.201 4	006/14	RY

Avgjerd av: Saksansv.: Randi Ytrehus	Arkiv: K2-G21, K3-&13	Arkivsaknr.: 14/148
---	--------------------------	------------------------

Høring - Reservasjonsordning for fastleger

Dokumentliste:

Nr.	T.	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	21.01.2014	Helse- og omsorgsdepartementet	Høring - Reservasjonsordning for fastleger

Vedlegg : Høyringsnotat frå Helse og omsorgsdepartementet

Dok.nr	Tittel på vedlegg
80335	Høring - Reservasjonsordning for fastleger
80336	Høring - Reservasjonsordning for fastleger

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.: Helse og omsorgstjenesteloven og Pasient-og brukarrettigheitsloven.

Kva saka gjeld: Heimel til å gje føresegn om høve til reservasjon for fastlegar og rett til å skifte fastlege ved reservasjon. Føresegn 29.august 2012 nr. 842 om fastlegeordninga i kommunene og i føresegn om Pasient-og brukarrettigheter i fastlegeordninga (føresegn 29.august 2012 nr. 843).

•
2. **Bremanger kommune ynskjer ikkje at fastlegar i Bremanger skal ha høve til
å
reservere seg i samband med abort.**

.....

Bakgrunn for saka: Høyring – reservasjonsordning for fastlegar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Bremanger gjer følgjande høyring til «reservasjonsordning for fastlegar»:

.....

13.02.2014 Kommunestyret

Framlegg frå kfr:

Krf meiner at saka er ei nasjonal sak og må avgjerast av regjeringa. Regjeringa må heller ikkje bryte internasjonale lovar på samvitsunntak.

Felles framlegg frå Ap, Sp og SV:

1. Bremanger Kommune meiner at det ikkje skal vere mogleg for legar å reservere seg mot å sende vidare kvinner som ynskjer abort. Den uformelle reservasjonsretten som har vore praktisert ser Bremanger Kommune på som særskild uheldig, og krev at det finst eit lovverk bestemt sentralt som gjeld for alle legar i landet, og som hindrar legar i å reservere seg mot delar av legeyrket. Bremanger kommune krev difor at lovforslaget blir trekt.

2. Bremanger kommune ynskjer ikkje at leger i Bremanger skal

Det vart røysta for dei to framlegga opp mot kvarander.

Framlegget frå Ap,Sp og SV fekk 22 røyster

Framlegget frå Krf fekk 1 røyst

KST-006/14 Vedtak:

Kommunestyret i Bremanger gjer følgjande høyring til «reservasjonsordning for fastlegar»:

1. Bremanger Kommune meiner at det ikkje skal vere mogleg for legar å reservere seg mot å sende vidare kvinner som ynskjer abort. Den uformelle reservasjonsretten som har vore praktisert ser Bremanger Kommune på som særskild uheldig, og krev at det finst eit lovverk bestemt sentralt som gjeld for alle legar i landet, og som hindrar legar i å reservere seg mot delar av legeyrket. Bremanger kommune krev difor at lovforslaget blir trekt.